

UTDELING AV STIPEND FRÅ MARIT OG MAGNE DALSETHS MINNEFOND 2023

Styret i Marit og Magne Dalseths minnefond har i styremøte 2. november bestemt å utdele utdanningsstipend til 4 idrettsutøvarar med tilknytning til Haugen IL og Haugen krins. Dette er fyrste gong det vert delt ut stipend frå det nyoppretta minnefondet og totalt vart det delt ut kr 185.000,-.

Det største stipendet var i år på kr 75.000,- og vert gjeve til Trym Dalset Løddøen som går tredje året på bachelorgraden i geologi og geofare ved Høgskulen Vestlandet i Sogndal. Trym konkurrerer for Haugen IL og er på landslaget i randonee.

Som fyrste års senior oppnådde han førre sesong det beste norske resultatet i verds cupen nokon gong med 7. plass i Andorra. Under EM i Spania i 2023 fekk Trym 6. plass under team race. I senior NM 2023 fekk Trym ein gull- og to sølvmedaljar.

Dei tre andre utøvarane frå Hauane og Haugen IL som fekk utdelt stipend i år var Andrine Englund Mårstøl (Haugen Alpint/landslaget alpint), Ask Haughovd (Stårheim Skiskyting/Team Kongsberg) og Marthe Lund Bjørhovde (NTNU futsal).

Marit og Magne Dalseths Minnefond er basert på det felles testamentet etter Marit og Magne Dalseth.

Magne, som døde 87 år gamal 28.11.2021, var ein sentral initiativtakar og styreleiar ved etablering av Harpefossen Skisenter i Hjelmelandsdalen i 1967. Magne var sentral i drift og leiging av skisenteret i over 30 år og var veldig oppteken av å leggje til rette for idrett og trivsel i bygda og kommunen. Og gjennom sitt felles testament frå 2005 med kona Marit som døde i 2012, så fortsett dei å bidra til at Haugen krins er en attraktiv plass å bu og vakse opp, og at ungdommen vert motivert til å fortsette med idrett også når dei tek utdanning.

Marit og Magne Dalseths Minnefond har eit styre på 6 personar kor 2 av styrerepresentantane også er i styret for Haugen idrettslag. Studiestipend til idrettsungdom vert delt ut kvar haust og i komande år vil tildelinga av stipend verte annonsert under den tradisjonelle idrettsbasaren som er i slutten av oktober kvart år.

Haugen 19. november 2023, styret i Marit og Magne Dalseths minnefond

Egil Haugland, Tone Anette Espe, Øyvind Haugland, Per Ivar Lote, Marianne Kjørstad og Stein Bjørhovde

Foto av stipendmottakarar

Trym

<https://www.skiforbundet.no/contentassets/42c1bb7cf3b04e72b1f2f02d173d7811/trymlodoen.jpg>

Andrine

https://www.skiforbundet.no/contentassets/2e371d9bc04648a4a73688cde0904356/a1_01933-4.jpg

Ask

https://www.instagram.com/p/CzrZ9uVKDQf/?utm_source=ig_web_copy_link&igshid=ODhhZWM5NmIwOQ==

Marthe [https://scontent.fosl3-2.fna.fbcdn.net/v/t39.30808-](https://scontent.fosl3-2.fna.fbcdn.net/v/t39.30808-6/402556434_815389033721181_361199224555324808_n.jpg?nc_cat=103&ccb=1-7&nc_sid=5f2048&nc_ohc=TJQwKgokK7gAX8nLcWM&nc_ht=scontent.fosl3-2.fna&oh=00_AfC4meT2NKKc6mTdq8rgKXMz5nhYXPczPZ0bLFNK2pQ3EQ&oe=65635C5C)

[6/402556434_815389033721181_361199224555324808_n.jpg?nc_cat=103&ccb=1-](https://scontent.fosl3-2.fna.fbcdn.net/v/t39.30808-6/402556434_815389033721181_361199224555324808_n.jpg?nc_cat=103&ccb=1-7&nc_sid=5f2048&nc_ohc=TJQwKgokK7gAX8nLcWM&nc_ht=scontent.fosl3-2.fna&oh=00_AfC4meT2NKKc6mTdq8rgKXMz5nhYXPczPZ0bLFNK2pQ3EQ&oe=65635C5C)

[7&nc_sid=5f2048&nc_ohc=TJQwKgokK7gAX8nLcWM&nc_ht=scontent.fosl3-](https://scontent.fosl3-2.fna.fbcdn.net/v/t39.30808-6/402556434_815389033721181_361199224555324808_n.jpg?nc_cat=103&ccb=1-7&nc_sid=5f2048&nc_ohc=TJQwKgokK7gAX8nLcWM&nc_ht=scontent.fosl3-2.fna&oh=00_AfC4meT2NKKc6mTdq8rgKXMz5nhYXPczPZ0bLFNK2pQ3EQ&oe=65635C5C)

[2.fna&oh=00_AfC4meT2NKKc6mTdq8rgKXMz5nhYXPczPZ0bLFNK2pQ3EQ&oe=65635C5C](https://scontent.fosl3-2.fna.fbcdn.net/v/t39.30808-6/402556434_815389033721181_361199224555324808_n.jpg?nc_cat=103&ccb=1-7&nc_sid=5f2048&nc_ohc=TJQwKgokK7gAX8nLcWM&nc_ht=scontent.fosl3-2.fna&oh=00_AfC4meT2NKKc6mTdq8rgKXMz5nhYXPczPZ0bLFNK2pQ3EQ&oe=65635C5C)